



Saksprotokoll

Organ: Fylkesutvalet

Møtedato: 20.06.2018

Sak nr.: 18/6863-3
Internt I.nr. 32941/18

Sak: 77/18

Tittel: **Sogn og Fjordane fylkeskommune krev full kompenasjon i ferjeavløysingsmidlar.**

Behandling:

Frå hovudutval for samferdsle låg det føre slik tilråding til vedtak:

Stortinget har no vedteke kompensasjon også for kapitalkostnader knytt til ferjeavløysingsmidlar. Sogn og Fjordane fylkeskommune ber om at kapitalkostnadene vert dekka fullt ut. Slik ferjeavløysingsmidlane no er innretta, vil staten gå i pluss på alle prosjekt som kan finansierast på under 40 år. Då vil det bli heilt feil å legge kostnader på Fylkeskommunane som vegeigar.

Dei einskilde prosjekta bør også kunne vurdere brukarbetaling, då ferjene i dag allereie har billettinntekter. Den nye ordninga med autopass opnar for enklare handtering av brukarfinansiering, og ein bør då vurdere om også mindre prosjekt kan komme inn under ordninga.

Ved å nytte heile 40-års perioden som no ligg til grunn for ferjeavløysing, vil ein i løpet av denne perioden også ha midlar til å fullt ut dekke kapitalkostnader i mange samband.

Endringsframlegg:

Fylkesutvalet sette fram slikt framlegg:

Fylkesordføraren får fullmakt til å utforme ei fråsegn med utgangspunkt i dei innspela som kom fram i møtet.

Avrøyting:

Framlegget frå fylkesutvalet vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

Fylkesordføraren får fullmakt til å utforme ei fråsegn med utgangspunkt i dei innspela som kom fram i møtet.